





Avskyting og sett — hjort statistikk fra sona Skjolden Fortun

Me har også i år laga nokre små hefte om avskytinga og sett hjort dataa frå dei ulike områda. Dette heftet er laga kun for dykkar område medan det er laga ei eiga og meir heildekkande informasjonsbrosjyre om utviklinga av hjortebestanden i Luster som nok er meir informativ. Denne brosjyra vil valdeiarane få tilsendt i posten medan dei andre finn både denne og brosjyra "Hjort i Luster kommune" på heimesidene til Luster kommune under natur, vilt og fiske.

Jaktresultat 2001—2007



Ein ser at avskytinga kom opp i 50 dyr totalt i 2007. Dette var 13 fleire enn i 2006. Seks av valda skaut full kvote og dette var særskilt bra. Dette er i samsvar med det ein hadde håpa på då ein hadde eit hjortemøte før jakta for å auke avskytinga.




Denne figuren syner avskytingsfordelinga, fordelt på hanndyrandel og andel kalv og ungdyr i dykkar område.

Den er laga for å illustrere korleis de ligg an i høve enkle tommelfingerreglar for hjortevakting.

Jamn kjønnsfordeling og 60 % kalvar og ungdyr i uttaket vert rekna som "ideelt".

Som figuren syner er hanndyrandelen i avskytinga er framleis noko for høg. Kalv og ungdyravskytinga er ganske bra.

Kor mykje hjort ser de under jakta?




Den beste metoden ein har for å registrere korleis storleiken på bestanden varierer, er å sjå på kor mange dyr gjennomsnittsjegeren observerer per jakttime per år. Ein skjel mellom jakt i utmark og jakt på innmark sidan ein jamt over observerer mange gonger så mykje per jakttime på innmark som i utmark.

Slik statistikk treng svært mange observasjonar for å kunne brukast i praktisk forvaltning. Det blir dermed litt tynt å bruke sett per time til å undersøke bestandsutviklinga i ei sone isolert, men ein vil truleg likevel kunne sjå trendane så me gjer eit forsøk.

Totalt for sona verkar hjortebestanden framleis å vere i vekst. Det ligg dermed ei utfordring i å få stabilisert bestanden, og auke avskytinga der beite-skadane er høgast. Vonleg vil ein få på plass eit storvald med bestandsplan i Fortunsdalen som kan gripe fatt i desse utfordringane.

Bestandssamansetjing Skjolden - Fortun





Det er ut i frå endringar i bestandssamansetjinga dei fire siste åra vanskeleg å få auge på nokre tydelege "trendar" i bestanden. Dersom det er ei utvikling på gang vil me fyrst sjå det etter nokre år.

Sona har hatt rundt 0,7 kalv per kalle som er litt betre enn snittet i kommunen, og samstundes ein liten overvekt av hodyr i bestanden som ligger omtrent på snittet. I lys av dette er det dermed for svakt å ta ut dobbelt så mange hanndyr som hodyr. Hadde ein snudd på dette og teke ut dobbelt så mange hodyr som hanndyr, ville truleg bestanden raskt vorte stabilisert. Det ideelle er likevel eit uttak som er jamnt fordelt på kjønn og alder.

Kor lenge er de på jakt?

Det vart i 2007 jakta i 1264 timar i sona Skjolden—Fortun og på den tida observerte de 486 dyr.



	A	B	C	I	J	K	L	M	N	O	P	Q	R	S	T	U	V	W	X	Y	Z	AA
1	Hjort 2007																					
	Sone				Tilsagn				Fellingsresultat hann				Fellingsresultat ho				Fellingsstatistikk					
		Valdur	Valdetar farsvarleg	Arealkrav	Tilsagn i alt	1,5 ár og eldre hann	Kalv	Frie	Tildelt for ár	Vaksne handyr	1,5 ár hann	Hankalv	Vaksne hodgr	1,5 ár ho	Hokalv	Totalt	Fellings%	Sum Kalv	Sum Vaksne	Handyr i utaket	Kalv og ungdgr i utaket	Felt dgr per 1000 da
2																						
86	SkjoldenFortun	701	Olav Handeland	1000	4	0	2	2	2007	1	0	1	1	0	1	4	100%	2	2	50%	50%	0,855
87	Skjolden storvald	702*	Per Hauge	1000	16	0	0	16	2005-	2	3	3	0	0	2	10	63%	5	5	80%	80%	0,364
88	SkjoldenFortun	704	Leif Harald Rebni	1000	2	0	1	1	2007	1	0	1	0	0	0	2	100%	1	1	100%	50%	0,828
89	SkjoldenFortun	707	Svein Bjarne Steig	1000	4	0	2	2	2007	2	0	1	0	0	1	4	100%	2	2	75%	50%	0,884
90	SkjoldenFortun	708	Steinar Mørkrid	1000	6	0	2	4	2007	1	0	0	0	0	0	1	17%	0	1	100%	0%	0,161
91	SkjoldenFortun	709	Erik Tandberg	1000	5	0	1	4	2007	0	2	0	0	0	0	2	40%	0	2	100%	100%	0,378
92	SkjoldenFortun	710	Svein Arvid Skagen	1000	14	0	5	9	2007	4	1	4	2	1	2	14	100%	6	8	64%	57%	0,997
93	SkjoldenFortun	711	Jan Norvald Steig	750	4	0	2	2	2007	1	0	0	1	0	2	4	100%	2	2	25%	50%	1,33
94	SkjoldenFortun	712	Monrad Svensøy	1000	8	0	2	6	2007	2	1	1	3	0	1	8	100%	2	6	50%	38%	0,96
95	SkjoldenFortun	713	Leidulf Yeka	1000	5	0	1	4	2007	1	0	0	0	0	0	1	20%	0	1	100%	0%	0,198
96	SkjoldenFortun	715	Andreas Otterhjøll	1000	3	0	1	2	2007	0	0	0	0	0	0	0	0%	0	0	####	####	0
97	SkjoldenFortun	716	Steinar Mørkrid	1000	13	0	5	8	2007	0	0	0	0	0	0	0	0%	0	0	####	####	0
98	Totalt SkjoldenFortun				84	0	24	60		15	7	11	7	1	9	50	60%	20	30	66%	56%	0,508
99	Prosentfordeling					0%	35%	65%		30%	14%	22%	14%	2%	18%							